

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/22	Formannskapet	PS	03.02.2022
006/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	Gbnr-164/1,18,27,16,28,15	20/4826

Tilskot til VA til Krossøy

Vedlegg

Søknad om kommunal dekning av kostnader ifbm. framføring av vatn til Krossøy - gbnr 165/1,15,28,18,16,4,27,24,36,5,35,34

Kart

Kostnadsoversikt - vassleidning Krossøy

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune vil ikkje overta drift og vedlikehald på omsøkte vassleidninga. Grunngjevinga er at desse ikkje oppfyller krav i VA-normen til Austrheim kommune. Kommunen kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidningar grunna at eit slik tilskot må førast i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskot over drift på VA i budsjett for 2022.

Formannskapet - 009/22 - 03.02.2022

FS - behandling:

Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka.

- Det er ikkje kapasitet igjen på denne leidningen som er lagt. Kan ikkje bruka investeringsmidlar, då dimensjonen er for liten til overtaking, tar etter vedteken VA-norm berre over vassleidningar som er 100 millimeter eller større, denne er 50 millimeter.

Ordførar Per Lerøy spurte om kva dialog utførande røyrleggar har hatt med kommunen om dette, Myrmel svara at det ikkje har vore dialog om dimensjonen, men dette ligg ope i den kjente VA-norma. Til dei fire hyttene det var tale om i starten var det OK, men det er ikkje kapasitet til meir. No har fleire hus og hytter kopla seg på i etterkant.

Inger Lise Brekke (H) spurte om det er kommunen som får utfordringa om ein tek over anlegget, og det viser seg at det er for lite. Myrmel svara at det er korrekt, og at det alt i dag er store trykkvariasjonar sommarstid med dei som er tilkopla. Burde vore 100 mm for nok og jamm forsuring.

Med dagens leidning treng dei evt. trykktank for å halda jamt trykk, og det vert fort kommunen sitt ansvar at dette fungerer, om ein overtek anlegget.

Myrmel la til at det vil kosta nokre 100.000 å bytta denne vassleidningen til 100 millimeter, det kan ein få dekka inn ved å krevja inn tilknytingsavgift frå dei som skal knytast på.

--

Ordførar Per Lerøy etterlyste arbeidet med vassleidning til Førland, og viste til vedtak frå kommunestyret om prioritering av dette. Her svara Myrmel at det står att noko arbeid for å sikra dobbel vassforsyning til vasstårnet på Årås, der må det leggast ny leidning frå det gamle kommunehuset og til vasstårnet.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for komunedirektørens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Austrheim kommune vil ikkje overta drift og vedlikehald på omsøkte vassleidninga. Grunngjevinga er at desse ikkje oppfyller krav i VA-normen til Austrheim kommune. Kommunen kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidningar grunna at eit slik tilskot må førast i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskot over drift på VA i budsjett for 2022.

Kommunestyret - 006/22 - 17.02.2022

KS - behandling:

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Austrheim kommune vil ikkje overta drift og vedlikehald på omsøkte vassleidningar. Grunngjevinga er at desse ikkje oppfyller krav i VA-normen til Austrheim kommune. Kommunen kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidningar grunna at eit slik tilskot må førast i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskot over drift på VA i budsjett for 2022.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Søknad frå bebuarar/hytteeigarar på Krossøy om tilskot til fellesanlegg fram til kommunalt vassverk. Søknaden gjeld og overtaking av vassleidningen til drift og vedlikehald

Bustader og hytter på Krossøy er tilknytt offentleg vann via ein privat vassleidning som går i sjø fram til kommunal kum ved Langøy. Leidningen er lagt og har ein dimensjon på 50mm til 12 eigedommar.

Vurdering

Austrheim kommune ynskjer ikkje og overta drift og vedlikehald på leidningar under 63 mm. Tilskot til leidningar ein ikkje overtek må førast i drift. Ein kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidning utan overtaking. Dette grunna at eit slik tilskott må førast i drift.

Austrheim sin VA norm seier:

5.4 Minstedimensjon

*Minste dimensjon for offentleg leidning er normalt 100 mm, dersom det ikkje er krav til brannvatn.
Minste dimensjon for offentleg leidning ved krav til brannvatn er normalt 150 mm.*

Konklusjon

Austrheim kommune vil ikkje overta drift og vedlikehald på leidninga da den ikkje oppfyller krav i VA normen. Kommunen kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidning grunna at eit slik tilskott må førast i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskot over drift på VA i budsjett for 2022.